

Norges vassdrags- og energidirektorat
Konsesjonsavdelingen
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Dykkar ref.:

Vår ref. 2020-01/JH

Dato: 4. desember 2020


**DYRNESLI KRAFTVERK - VURDERING AV KONSESJONSPLIKT ETTER VASSRESSURS-
LOVA FOR UTSKIFTING AV HEVERT MED KANAL, DAM OG FJERNSTYRT LUKE**

Vadheim Kraft AS ber med dette om ei vurdering av konsesjonsplikt etter vassressurslova for utskifting av hevert med kanal, dam og fjernstyrt luke.

Vi syner også til brev frå NVE datert 08.03.2019 med dykkar referanse 201703998-13 der konsesjonsplikt etter § 8 i vassressurslova er vurdert i samband med auke i installert effekt og slukeevne. Konklusjonen i den saka var at dei framlagde planane om auke av installert effekt og slukeevne ikkje påverkar allmenne interesser i ei slik grad at det utløyser konsesjonsplikt etter vassressurslova. Etter vår oppfatning er utskifting av hevert med kanal, betongdam og fjernstyrt luke eit mindre inngrep enn auke i installert effekt og slukeevne. Det er den beste løysinga både teknisk, økonomisk og landskapsmessig i høve til dagens eller ny hevert. Den gamle heverten som er godt synleg i terrenget vil bli fjerna.

Vedlagt følgjer notat som skildrar det planlagde tiltaket.

Med vennleg helsing
Vadheim Kraft AS


Jacob Hornnes
Dagleg leiar